



Høyanger, 7.10.14

Arbeids- og sosialdepartementet

postmottak@asd.dep.no.

Høyringsuttale mot endringar i arbeidsmiljølova

Innføring av kollektiv søksmålsrett om innleige av arbeidstakar frå bemanningsføretak var eit viktig tiltak for å motverke sosial dumping. Dersom denne retten blir fjerna, vil det bety at eit viktig stengsel fell bort. **Den kollektive søksmålsretten må difor oppretthaldast.**

Av omsyn til arbeidstakarane si helse og moglegheita til å planleggje si fritid, går LO Ytre Sogn **mot at det skal gjerast lettare for bedriftene og arbeidsgjevarane å påleggje overtid og å få utvida rammene for overtidsbruk.** Normalarbeidsdagen må ikkje utholast på den måten som regjeringa her foreslår.

Vi meiner dessutan at **søndag må oppretthaldast som kollektiv fridag** slik at søndagsarbeid blir avgrensa til dei tilfella det er høgst nødvendig – f. eks. ved kontinuerlege prosessar og omsorgsarbeid.

LO Ytre Sogn meiner at både dei omtala endringane og endringsforslaga elles, vil påføre norsk arbeidsliv store skadar som ikkje kan bøstast på. Endringane undergrei fagforeningane og fagrørsla si rolle og svekkar arbeidsfolk sin tryggleik. Forslaga vil føre til auke i helseskadelege arbeidstidsordningar med auka risiko for både arbeidsulukker og seinskadar. Forslaga vil også føre til eit mindre familievenleg arbeidsliv og til at fritida blir mindre føreseieleg. Den auka førekomsten av sosial dumping som lovendringane vil innebære, vil auke dei økonomiske og sosiale forskjellane i Noreg.

På denne bakgrunnen vil LO Ytre Sogn krevje at regjeringa og stortingsfleirtalet legg bort desse negative endringane i arbeidsmiljølova.

Med helsing

LO i Ytre Sogn

Ottar Uglum, fungerande leiar